



Arkivnr: 2016/836-2
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016

Søknad om å justere takst og rabattsystemet i Bømlopakken - uttale

Samandrag

Bømlopakken vart vedteke i Stortinget 16. juni 2009 «St.prp.nr. 78 (2008-2009) – Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland». Jf. Innstilling S.nr.343 (2008-2009).

Statens vegvesen region vest har i notat til Bømlo Vegselskap AS, av 24. september 2015 vurdert dei ulike elementa i bompengepakken, og ei tilråding om kva tiltak som kan setjast i verk for å retta opp sviktande inntekter. Bømlo Vegselskap AS har handsama tilrådinga og har i brev datert 26. oktober 2015 søkt om løyve til å justera takst- og rabattsystemet i Bømlopakken.

Fylkesrådmannen sluttar seg til søknaden frå Bømlo Vegselskap AS om å justera takstane og rabattsystemet i Bømlopakken slik det kjem fram av søknaden, med unntak av å endra timeregelen frå 1 time til ½ time.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til søknaden om å endra takst- og rabattordninga for Bømlopakken slik det kjem fram av søknaden, med unntak av å endra timeregelen frå 1 time til ½ time.
2. Fylkesutvalet sluttar seg og til ynskje frå Bømlo kommune om å gjennomføra ei utgreiing om moglegheit for revisjon av Bømlopakken.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Vedlegg1: Brev frå Bømlo Vegselskap AS og Statens vegvesen

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.01.2016

1. Innleiing

Bømlopakken vart vedteke i Stortinget 16. juni 2009 «St.prp.nr. 78 (2008-2009) – Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland». Jf. Innstilling S.nr.343 (2008-2009).

Statens vegvesen region vest har i notat til Bømlo Vegselskap AS, av 24. september 2015, vurdert dei ulike elementa i bompengepakken, og tilråding kva tiltak som kan setjast i verk for å retta opp sviktande inntekter. Bømlo Vegselskap AS har handsama tilrådinga og har i brev datert 26. oktober 2015, søkt om løyve til å justera takst- og rabattsystemet i Bømlopakken.

I brev av 11. januar 2016 har Statens vegvesen oversendt søknaden til Hordaland fylkeskommune for uttale. Kommunane Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio har tidlegare gjort vedtak om uttale. Søknaden blir saman med uttale frå kommunale og fylkeskommunens sendt vidare til Vegdirektoratet, som er takststyringsmakt.

2. Bakgrunn for søknaden om å justera takst og rabattsystemet.

I brevet frå Bømlo Vegselskap AS datert 26. oktober 2015 blir det vist til takstvedtaket av 29. januar 2013, der Statens vegvesen – Vegdirektoratet tilrår at bompengetakstane blir vurdert innan eit år etter oppstart av innkrevjinga.

Innkrevjinga er bompengar i Bømlopakken starta opp 2. mai 2013. Erfaringane så langt er at bompengelinntektene i Bømlopakken er mindre en det som vart lagt til grunn i finansieringsgrunnlaget for stortingsproposisjonen.

Tabellen under viser oversikt over trafikk og bompengelinntekter frå bomstasjonen på Spissøy og er samanlikna med tala i stortingsproposisjonen.

(2014-tal)	St.prp. 78 (2008-2009)	Rekneskap 2014	Avvik
Årsdøgntrafikk (ÅDT)	2700	3432	27%
Inntekter i mill.kr i 2014	58	48	-17%
Gjennomsnittleg innt. pr. passering	61	38,3	-37%
Takst 2014 – liten bil	73	65	-11%

Årsdøgntrafikken ligg 27% over det som ligg til grunn i stortingsproposisjonen. Men inntektene viser ei svikt på 17%. I 2014 vart det kravd inn om lag 10 mill.kr. mindre i bompengar i bomstasjonen på Spissøy enn det som var føresett i berekningsgrunnlaget for Bømlopakken.

I stortingsproposisjonen var det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på 61 kr (i 2014 kr), gjennomsnittleg inntekt pr. passering er på 38,3 kr. Dette er om lag 37% lågare en føresett. Dersom taksten hadde vore regulert etter konsumprisindeksen og byggekostnadsindeksen, skulle denne vore på 73 kr. i 2014. Taksten for liten bil er nå 65 kr. Dette er 11% lågare enn føresett i stortingsproposisjonen.

Årsaka til svikt i inntektene er samansett, men kan forklarast i hovudsak ut i frå to forhold;

- 1) Andel passerande med maksimalrabatt er høgare enn føresett i stortingsproposisjonen. Andelen med maksimalrabatt (50% rabatt) utgjer 36% av passeringane. Bruken av 30% og 40% rabatt utgjer samla berre 5%. Andelen passeringar med full pris utgjer 59%. Bruken av 50% rabatt kan skyldast at forskotsbeløpet er lågare en det retningslinjene legg opp til. Dette vart gjort ut i frå ei vurdering av den samla økonomiske belastninga av bompengar i området.
- 2) I tillegg til rabattsystemet er både timeregelen og talet på el-bilar med å redusera gjennomsnittstaksten. Desse to rabattordningane var ikkje med i vurderinga av gjennomsnittstaksten når stortingsproposisjonen vart utarbeida. Fyste halvår 2015 passerte 38 298

el-biler gjennom stasjonen. Bruken av el-bilar utgjør no om lag 6% av alle passeringane gjennom bomstasjonen. Om en føresett at dette er trafikantar med abonnement og rabatt, utgjør el-bilar eit potensielt tap av inntekter i Bømlopakken 2,5 til 3,5 mill.kr. på årsbasis. Første halvår 2015 er det registrert 40357 passeringar som fell under timeregelen. Baserer en på dei same føresetnadane om at desse trafikantane har abonnement og rabatt utgjør dette og eit potensielt inntektstap på 2,5 til 3,5 mill.kr. Samla sett utgjør dette 5 til 7 mill.kr. i tapte inntekter på el-bilar og timesregelen.

Det blir og betalt inn bompengar på ferjestrekninga Fv.541 Langevåg-Buavåg. Til forskjell frå betaling ved bomstasjonen på Spissøy, vart taksten på ferja prisregulert kvart år. Dette gjer at taksten for bil inntil 6 m har auka frå 19,4 kr. i 2009 til 23,7 kr. i 2015. Ferjetrafikken er stort sett i samsvar med forventa utvikling, slik at bompengainntektene frå ferja er i samsvar med grunnlaget i stortingsproposisjonen.

Ut i frå svikt i bompengainntektene sett i forhold til finansieringsopplegget for Bømlopakken, har styret i Bømlo Vegselkap AS funnet det nødvendig å søkja om å få justera bompengetakstene. Ut i frå ei samla vurdering har styret i bompengeselskapet vedteke;

1. *Styret i Bømlo Vegselkap AS slutter seg til Regionvegsjefen si tilråding om at ordninga med passeringstak ikkje vert endra, men at ordninga med timesregel vert endra til 30 minutt.*
2. *Styret søker vidare om ei justering av dagens takstar ved bomstasjonen på Spissøy slik;*

Takst før justering					Takst etter justering			
Takster	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot	Lett bil	Forskot	Tung bil	Forskot
Full pris	65		130		80		160	
30%	45,5	1820	91	3640	56	2240	112	4480
40%	39	2340	78	4680	48	2880	96	5760
50%	32,5	3900	65	7800	40	4800	80	9600

3. *Styret slutter seg til at påslaget på fire takstsonar på ferjebilleten på Fv. 541 Langevåg-Buavåg ikkje vert endra.*
4. *Dei nye takstane vert sett i kraft frå 1. januar 2016, eller so snart som råd er etter denne dato.*

3.Lokalpolitiske handsaminga

Bømlo kommune handsama saka i kommunestyret den 7.desember 2015 (sak 97/15). Bømlo kommune legg til grunn at dagens timeregel blir vidareført.

I tillegg vil kommunen at det skal utarbeidast ei utgreiing for mogleg revisjon av Bømlopakken;

«Bømlo kommune vil be om ei utgreiing om moglegheit for revisjon av Bømlopakken, med mål om å sikra gjennomføring av alle planlagde prosjekt, og analyse av eventuelt nye, viktige prosjekt. Den må innehalde ei utgreiing om ulike modellar for bompengefinansiering, også nye bomstasjonar.

Stord kommune hadde saka til handsaming i formannskapet den 2. desember 2015 (sak44/15), og gjorde slikt vedtak;

«Av omsyn til pendling, handel og samkvem elles mellom Stord og Bømlo bør ikkje betalingsattsane i Bømlopakken settjast for høgt. Stord kommune ser med uro på framlegg til taksauke. Stord kommune ser Bømlopakken i samanheng med den komande Stordpakken, og er oppteken av det samla avgiftsnivået for innbyggjarane i distriktet. Stord kommune ber om at ein ser på mogeleg harmonisering av avgiftsnivået mellom Stordpakken og Bømlopakken ved neste revisjon, som bør omfatta nedbetalingstid og lokalisering av bomstasjonar».

Fitjar kommune og Sveio kommune slutta seg til søknaden.

4.Fylkesrådmannen sine merknader

Bømlo kommune har handsama søknaden og tilrår at denne vert godkjent, men at timesregelen ikkje vert endra. Fylkesrådmannen registrerar at vegselskapet og kommunen ikkje er samde om dette, og vil understreka at å oppretthalde timesregelen vil ha mindre konsekvensar samla sett for inntektene i Bømlopakken.

Fylkesrådmannen registrerar at Bømlo kommune ynskjer ei utgreiing om moglegheit for revisjon av Bømlopakken. Fylkesrådmannen vurderer dette som eit framtidretta initiativ og ytterlegare satsing på utvikling av vegnettet i kommunen.

Stord kommune har uttala seg i saka og er spesielt opptatt av samla avgiftsnivået i distriktet, sett i lys av ei eventuell framtid Stordpakke. Fylkesrådmannen viser til at ei eventuell Stordpakke er i ei tidlegfase, slik at det på noverande tidspunkt er vanskeleg å legge til grunn eit samla vurdering av bompengenivået for denne delen av Hordaland.

Fylkesrådmannen sluttar seg til søknaden frå Bømlo Vegselskap AS om å justera takstane og rabattsystemet i Bømlopakken slik det kjem fram av søknaden, med unntak av å endra timeregelen frå 1 time til ½ time.